



POLITIET

Politidirektoratet
Postboks 8051 Dep.
0031 OSLO

Dyktelkar referanse

Vår referanse
2010/00128-2 008

Dato
22.03.2010

200903294 - Høyringsbrev - NOU 2009: 12 Et ansvarlig politi

Vi viser til høyringsbrevet.

Departementet ber om vårt syn på utvalet sine alternative modellar for kontroll av politiet.

Vi deler fullt ut utvalet si vurdering av at det av omsyn til kvalitet og effektivitet er betre å byggje på og videreutvikle dei ordningane som er framfor å opprette eit heilt nytt organ.

Når det gjeld spørsmålet om å velje førsteinstansmodellen eller å gjere tosporsmodellen betre vil vi peike på nokre moment.

Vi noterer at tilrådingane for å betre tosporsmodellen også er meint å gjelde førsteinstansmodellen. Det er vi samde i, og viser til kommentarane under.

Isolert sett frå *vår* plass er ordninga som gjeld i dag god nok. Våre lokale ordningar er tilpassa den, sjå under pkt. 2.2.7.

Samstundes er det slik at politimeisteren alltid må vurdere kva spor som er rett å velge. Skjønnnet i desse sakene kan sikkert diskuterast, og det sentrale poenget er om samfunnet har tillit til at vurderingane er rette. Difor er det viktig at samfunnet får vite om desse sakene og vurderingane knytta til dei. Eit "servicetorg for politiklager" vil gjere at ein kan vende seg til eitt nasjonalt organ for å få innsyn i sakene. Dette er eit godt argument for førsteinstansmodellen.

På den andre sida vil politimeisteren under førsteinstansmodellen miste den første kontakten med eindel av klagesakene. Dette må ein bote på gjennom gode informasjonsrutinar frå Spesialeininga til politimeisteren. Sjå elles kommentaren til pkt. 2.2.2.

Rogaland politidistrikt

Vi er elles ikkje sikre på om folk som klager på politiet alltid vil vende seg til ”servicetorget” dersom eit slikt blir ein realitet. Ut frå erfaring trur vi at mange vil vende seg til anten det lokale politiet eller til politimeisteren. Difor vil det alltid vera saker (ytringar) som er vurdert av andre før dei eventuelt kjem til servicetorget. Poenget er at grensa ikkje lenger vil gå mellom ”klage” og ”mogeleg straffbar handling”, men mellom ”ytring” og ”klage”.

Departementet ber vidare om høyringsinstansane sine synspunkt på dei spørsmåla som er nemnde i høyringsbrevet pkt. 2.2 – altså knytta til forslaget om ein endra tosporsmodell.

Til 2.2.1.

Vi har ingen merknader bortsett frå til forslaget i siste kulepunkt. Etter vårt syn bør ein vere varsam med å nytte personell utan etterforsknings- og/eller juridisk kompetanse til *etterforskning*. Dette er viktig for å halde oppe kvaliteten i etterforskinga. Vi forstår forslaget slik at personell utan juridisk bakgrunn skal ha andre – og viktige – oppgåver.

Til 2.2.2.

Vi er samde i tilrådinga på dette punktet. Det er ein fordel at politimeisteren som øverste ansvarlege og med arbeidsgjevaransvaret tek seg av klagesaker.

Til 2.2.3.

Vi har ingenting imot at Spesialeininga handsamer brot på teieplikta. Vårt syn på det andre spørsmålet er at ansvarsområdet til Spesialeininga bør vera som i dag. I dei tilfella der politipersonell blir melde for straffbare handlingar utanom tenesta er settepolitimeisterordninga i utgangspunktet god nok slik vi ser det. Det kan tenkjast unntak, og ein kan ta inn ein unntaksregel som gir Riksadvokaten rett til å bestemme at Spesialeininga også skal etterforske denne typen saker. Vi legg særleg vekt på at politipersonell ikkje skal handsamast på annsleis enn andre folk utanom tenesta. Vi er merksame på regelen i påtaleinstruksen § 34-9.

Til 2.2.4.

Vi er på ingen måte imot å gå ut offentleg – innføre grensene for teieplikta - med tiltak knytta til handsaming av folk som er i arrest; heller ikkje korleis vi tek oss av alvorlege hendingar. Vi kjenner godt på ansvaret som knytter seg til å ha ansvaret for medmenneske i arresten.

Dei andre kulepunkta gjeld akkurat dette – korleis politiet tek seg av folk som er under kontroll av politiet, anten det er i arrest, under transport eller liknande. Spørsmålet gjeld i realiteten kvaslag kompetanse politiet skal ha. Slik reglane for kontroll av arrestantar er i dag, tyder mykje på at krava som er stilte til t.d. kontroll av pustefrekvens ligg i grenseområdet for kva ein kan vente av politipersonell utan utdanning som helsepersonell. Og korleis skal ein dokumentere pustefrekvensen til ein person?

Til 2.2.5.

Ingen merknader

Til 2.2.6.

Vi har erfaring med kommunikasjon mellom Spesialeininga og politileiinga omkring saker under etterforskning. Erfaringa gjeld også saker som har vore høgt profilerte. Etter vårt syn trengst det ikkje fleire retningslinjer. Poenget er at Spesialeininga og politimeisternivået har tidleg og god kontakt for å avklare kommunikasjonsspørsmål.

Vi viser elles til at Spesialeininga sin årsrapport og nettsider er svært informative og opplysningskjelder til informasjon. På denne måten er det i realiteten innsyn i påtaleavgjørdene.

Så lenge teieplikta ikkje står i vegen, kan politidirektoratet også informere på same måten i klagesakene.

Til 2.2.7.

Spørsmålet om erfaringslæring er viktig. Etter vårt syn er det viktig å bygge opp eit system steg for steg, slik at ein er sikker på at systemet blir lett å bruke i alle ledd.

I vårt distrikt har vi regulert spørsmålet i eit formelt dokument. Vi har rutinar for korleis vi tek oss av både klagesakene og sakene som går til Spesialeininga. Når påtaleavgjørdene kjem tilbake blir kvar einskild sak gjennomgått og vurdert på politimeisternivå. I tillegg blir nokre av sakene gått gjennom i politimeisteren sin leiargruppe. Tilbakemeldingar frå Spesialeininga vil også vere tema på politimeisteren sine møte med operativt personell som ledd i obligatorisk trening for 2010.

Vi støtter utvalet sine tilrådingar på dette punktet.

Med helsing

Hans Vik

kst

Sakshandsamar:

Tlf: